

- Det er heilt fantastisk å arbeida saman med Katrine Moholt. Ho er akkurat like kjekk og jordnær som ho kjem fram i tv-ruta, røpar Uskedalsjenta Janne Døssland(28) til Grenda. Ho har brukt mange somrar i lag med den joviale og svært så kjente programleiaren.

Janne har nemleg vore sentral i produksjonen av den populære TV-serien 'Allsang på grensen'.

Janne som er dotter til Arvid og Somsri Døssland, voks opp på garden Rindo på Døssland. Ho vert av mange hugsa m.a. som den smilande, flinke, og serviceinnstilte unge jenta som arbeidde i feriar og på deltid i blomsterbutikken Fjord'n Blomster på Husnes.

Etter utdanning i Stavanger bar det til Oslo. Frå 2007 har ho hatt arbeidsplassen sin i TV-produksjonsselskapet Monster der ho er produksjonsleiar. Der har ho heile tida vore sentral i produksjonen av den populære serien 'Allsang på Grensen' som mange gleder seg over å sjå og høyre kvar sommar.

- Det har på mange måtar vore min«baby», seier blide Janne til Grenda. Ho er godt i gang med førebuingane til 7. sesongen med den populære programserien.

I **Grenda laurdag** kan ein lesa eit fyldig og godt portrett av den blide, spennande og dyktige Uskedals-jenta.

Tekst: Thor Inge Døssland